

Saksprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 19.02.2018
Arkivsak: 12/1414

Sak: 2/18

SAKS PROTOKOLL - SLUTTBEHANDLING DETALJREGULERINGSPLAN GANG- OG SYKKELVEG - FV 507 ORRE - HÅ GRENSE

Hovudutval for lokal utvikling 23.01.18 sak11/18

Fleirtalet (5) Ann Iren Amundsen -a, Kristian Haus -krf, Karl Kleppe -h, Gro Haga -h og Frode Heigre -h, **TILRÅR:**

Klepp kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-12, PlanID 8170 detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs fv 507 Orre – Hå grense datert 14.09.2015, sist justert 07.11.2017 med tilhøyrande bestemmelsar og planomtale, datert 14.09.2015, justert 17.02.2017.

Mindretalet (4) Tore Simonsen -v, Gaute Stokka -frp, Elisabeth M. Bellamey -frp og Arild Børge Skjæveland -sp **TILRÅR:**

Klepp kommunestyre avviser PlanID 8170 detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs fv 507 Orre – Hå grense datert 14.09.2015, sist justert 07.11.2017 med tilhøyrande bestemmelsar og planomtale, datert 14.09.2015, justert 17.02.2017, då planen i manglande grad tek omsyn til trafikktryggleiken for lokale mjuke trafikantar, jordvern, eigedomsrett og driftstilhøva for grunneigarar.

Kommunestyret si behandling:

Varamedlemmene Einar Refsnes -h og Marianne Øvregaard -sp var inhabile og gjekk frå, Elin Barane Helland -h og Kjartan Trane Skadsem -sp var med på behandling av saka.

Roar Lima Grødeland -sp fremma hovudutval for lokal utvikling si mindretalstilråding for kommunestyret.

Votering:

Hovudutval for lokal utvikling si mindretalstilråding fekk 12 stemmer, sp, frp, v og mdg.
Hovudutval for lokal utvikling si fleirtalstilråding fekk 19 stemmer.

Med 19 mot 12 stemmer blei vedtatt:

KOMMUNESTYREVEDTAK:

Klepp kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-12, PlanID 8170 detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs fv 507 Orre – Hå grense datert 14.09.2015, sist justert 07.11.2017 med tilhøyrande bestemmelsar og planomtale, datert 14.09.2015, justert 17.02.2017.

